



Sakliste årsmøte

IL HØDD HANDBALL

1. Godkjenne dei som har stemmerett
2. Godkjenne innkalling og sakliste
3. Val av dirigent, referent og 2 medlemmer til å signere protokollen
4. Godkjenne årsmelding(ar)
5. Godkjenne rekneskap
6. Handsame forslag og saker
7. Fastsetje treningsavgift for Hødd handball
8. Godkjenne budsjett 2015
9. Godkjenne organisasjonsplan
10. Val
 - a. Leiar
 - b. Nestleiar
 - c. Resterande medlemmar av styret
 - d. Andre representantar i tråd med organisasjonsplan
 - e. Representantar til ting og møte i dei organisasjonane som handballen har representasjonsrett
 - f. Valkomitè

Sak 4 – Årsmeldingar

Årsmelding for IL Hødd handball sesongen 2013-2014

Det nye styret vart valgt på årsmøtet i februar og har gjennom 2014 hatt 10 styremøter. Styret har med sine jamne møter på Høddvollhuset handsama over 130 saker og styrearbeidet har fungert godt.

Gjennom året har styret hatt fokus på medverknad ved å la organisasjon få delta i styrearbeidet. Dette har ein gjort ved å distribuere saklister og protokoller løpande. Foran kvart styremøte har trenarar og leiarar fått anledning til å melde inn saker på førehand og styret sine medlemmar har fått tilsendt sakliste i god tid før møtet for førebuing.

I 2014 har ein hatt særskilt fokus på organisasjonsbygging, rutiner og etablere ei sikker dokumenthandtering. Styret har vore klar på at dette er avgjerande for å legge til rette for ei vidare satsing i klubben. Sjølv om Hødd handball er ein liten klubb er styret klar på at ein må søkje å optimalisere sitt arbeid mot det å vere ein kvalitetsklubb. Dette inneberer at arbeidet som klubben utfører må vere itråd med dei strategiar og verdiar klubben har og at dei som har ei rolle i klubben er kjent med desse. Dette arbeidet vert og ei prioritert oppgåve i 2015.

Samarbeidet med Hødd fotball på økonomi sida vil sikre ein betre oversikt og kontroll og legge grunnlag for at handballen sin økonomi er god og sunn i mange år framover.

Utfordringa på treningsfasilitetane har vore store og ein kan vel hevde at dette har tært på kreftene til både spelarar og leiarar. Eg vil hevde at med den nye Ulsteinhallen ligg alt til rette for at handballen kan utvikle seg og bidra til positive oppvekstvilkår for barn og unge i Ulsteinvik

I årsmeldinga ligg og ei oppsummering av dei enkelte laga og desse viser ein aktiv handballklubb der mykje dugnadsinnsats har vore lagt ned. Eg er takksam for det styremedlemmar, foreldre, trenarar, lagleiarar og spelarar legg ned av innsats. Med ny hall og betre treningsfasiliteter vil det komande året vere spennande både for store og små og eg håper at dugnadsanda fortsatt vil vere sterk i 2015.

Årets happening var nok cupreise til Sverige og Partillecup. Partillecup vart ein suksess der både spelarar og leiarar fekk minner for livet. Eg håper at klubben sine ulike lag tar turen ut på nye cupeventyr og bidrar til at det sosiale og sportslege arbeidet i Hødd handball kan gå hand i hand.

Til slutt vil eg nemne særskilt J16 prosjektet som styret har prioritert. Prosjektet si målsetjing er å redusere og hindre frafall i aldersgruppa 15-17 år og bidra til at ungdommen fortsatt er aktive med idrett. Prosjektet vil gå over fleire år og ein håper den ekstra merksemda som klubben legg i inn bidreg til ei sterkare og sikrere rekruttering til seniornivået.

Takk for eit aktivt år og lukke til med eit nytt aktivt handballår!

Jarl Martin Møller

Leiar

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : Hødd Jente14 (99/00)

Trener (e) : Mari-Ellen Løseth og Rita Kristin Rise

Lagleder (e) : Bente Moldskred og Hildegunn Utgård

Namn på spelarar dette året: Astrid Oline Roppen, Amanda Sundal, Pernille Utgård Dimmen, Mari Moldskred Hofseth, Ide Haakonsholm, Jona Petrikke Løseth, Amalie Ringstad, Viktoria Moldskred, Viona Shera, Frida Jonberg, Ingrid Soldal Vikan, Martine Abrahamsen, Anna Haddal (frilicens), Anna Ulfstein, Julie Våge.

Oppsummering, resultat i serien og cupdeltakelse: J14 hadde eit forholdsvis nytt lag dette året. Mange av spelarane har vore plaga med skader (mest kne), og kom ikkje skikkelig med før etter nyttår. Dei enda tilslutt på 7. plass i si pulje i serien. Dei hadde stor framgang, men berre 2 seierar i løpet av året. Dei var med på Nordfjordcup 25.-27.-april. Dei spelte jamne kampar, men klarte ikkje å nå så langt opp. Likevel, ein godt gjennomført cup og jentene hadde det kjekt ilag.

Økonomi/inntektsbringande tiltak : Det har ikkje vore noko av dette.

Sosial arrangementer: Jentene møttest til hyggekveld hos Mari Ellen før jul.

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : Jente 2005/2006 (fram til jul), 2005 (etter jul)

Trener (e) : Anne-Kristin Vågeskar og Åse Stensvaag

Lagleder (e) : Berit Sandvik Skeide

Namn på spelarar dette året: Lisabeth Brudevoll, Amalie Fjørtoft Vik, Amalie Flø, Nora Havåg, Thale Henriksen, Magnhild Øyehaug Høydal, Melody Pettersson Kieffer, Dina Kleiven, Sol Klevberg, Live Kleven, Siri-Lill M Hasund, Mathea Olise Myklebust, Mathea Ringstad, Marthe Sandvik Skeide, Henrikke Skeide, Fredrikke Ulstein Mæhlum, Martha Vågeskar (2005).

Aby Chistina Duthie, Anne Aarsand Vik, Birte Skeide Sætre, Caroline Moldskred Pettersen. Cornelia Ulstein, Hannah Everine Pettersen Dimmen, Ingrid Emilie Ulstein Fredriksen, Hannah Kvien, Julie Ulstein Myrene, Linnea Antonia Tokheim, Nora Skeide Voksøy, Runa Redse-Arset, Solveig Brevik (2006).

Oppsummering:

Fram til jul 2013 trena jenter fødde i 2005 og 2006 i lag. Det var ei veldig stor gruppe, som det til tider var utfordrande å trene. Etter jul vart gruppa delt i to. 2005 jentene fortsette å trene i idrettshallen i Ulsteinvik, medan 2006 – jentene fekk plass i gymsalen på Ulstein skule på Skeide.

Jentene (2005/2006) har delteke på to miniturneringar i Herøyhallen (10. november 2013 og 10. februar 2014). Det var kjekt å vere på turnering. Flinker jenter.



2006-modellar på turnering i november 2013



2005-modellar på turnering i februar 2014



Sosiale arrangement:

Siste trening før jul vart avslutta med peparkaker, mandariner og twist. Før påske kosa vi oss med påske-egg.

Skeide 15.5.2014.

Berit Sandvik Skeide

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : Hødd Handball Damelaget

Trener (e) : Tim-Ole Bøhm

Lagleder (e) : Jeanette Brandal

Namn på spelarar dette året:

Linda Marie Godø Kostaris	Kari Janne Andersen,	Marte Åsmo	Linda Krogh Jørgensen
Henriette Bolstad Banne	Birgitte Aune Remøy	Karoline Ulstein	Cecilie Roppen
Ronja-Helen Abrahamsen	Lindi Galschiødt	Jeanette Brandal	Heidi Elisabeth Vik

Hospitering frå j16:

Guro Vattøy Thea Tafjord Elise Mjøen Berg Karete Solvang

Oppsummering, resultat i serien og cupdeltakelse:

Totalt sett ein god sesong av damelaget som havna på tredje plass. Treningane starta opp i slutten av august, men svært få spelarar. Vekene etter oppstart kunne vi telje 11 spelarar. Det vart to treningar i veka i Idrettshallen i Ulsteinvik, som ikkje var den aller beste hallen å trene i, men vi gjorde det beste ut av det vi hadde. Vi planlagde treningskampar mot Volda 2 (to kampar), Bergsøy damelag og Hareid damelag for å få meir speletrening på full bane før sesongen begynte.

I midten/slutten av september kom Birgitte Aune Remøy inn, som var elev på SUFH. I oktober/november månad fekk vi treningstid i Hareidshallen, som gjorde at vi kunne få meir speletrening.

I midten av sesongen og mot slutten har damelaget slite med å ha folk på treningane, der jobb, skule, sjukdom og private oppgåver har hindra folk i å komme på trening. Som eit tiltak her innførte vi eit bot system som alle godtok. Der vart det sagt at gyldig årsak til å ikkje komme på trening var jobb, skule og sjukdom. Vart ein sjuk same dag som trening skulle ein seie ifrå før kl. 12.00 same dag, dette gjaldt også for jobb og skule. Dersom ein sa ifrå etter kl. 12.00 vart det bot, denne avgjersla av bot var skjønns messig. Dersom ein kom for seint til trening utan grunn vart det bot, samt for gløyming av utstyr. Etter denne bot innføringa vart det noko betre, men kanskje ikkje så mykje som vi hadde håpt på.

Det har også vore diskusjon fleire gongar som har skapt litt misnøye i laget, om korleis spelarar har vorte disponert i kampforbindelsar kontra oppmøte på treningane.

Håvard Frotvedt har også vore inne som hjelpetrener når Tim ikkje har vore til stade. Dette gjaldt 2 kampar i januar, samt tre veker med kamper og treningar i mars.

Økonomi/inntektsbringande tiltak : 5-6 kamp-arrangement i Hareidshallen sesongen 2013-2014.

Sosial arrangementer: Privat avslutning med aktiviteter og grilling i slutten av mai.

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : G10

Trener (e) : Oline Botnen

Lagleder (e) : Gunn Kleiven

Namn på spelarar dette året: Iver Kleiven Sandhåland, Pål Flø, Snorre Flø, Teodor Flatin Rosbach, Adrian Haddal, Birk Breivik, Ivar Molvær, Jon Olav Røyset, Sebastian Håndlykken Vikebakk, Per Nytun Moldskred, Ronald Støylen Sundgot, Patrick Hansen, Kristoffer Kvien, Tyler Kvien.

Oppsummering, resultat i serien og cupdeltakelse: Laget starta sesongen med 15 spelarar, ved sesongslutt er det 14 spelarar. Laget har hatt trening 2 gg i veka, måndag og torsdag. I tillegg har trener tatt initiativ til frivillig aktivitet/trening onsdagar, med kombinasjon av jogging og/eller klatring i klatreveggen til Klivrelaget. G10 har også valgt å fortsette med treningar utover våren med tanke på deltakelse i Partillecup til sommeren. Laget har spelt til saman 12 kamper i G10 serien, disse i Herøyhallen, Ørstahallen, Larsgårdshallen, Strandahallen og Borgundhallen. Laget har ikkje deltatt på Nordfjordcup i år iom laget skal delta på Partillecup 30.juni – 5.juli. Det er stort sett god atmosfære og godt samhald blant gutane, og størsteparten er motiverte både under trening og kamper, oppmøte er godt hos dei fleste.

Sosial arrangementer: Denne sesongen har G10 deltatt på felles avslutning på Den Gamle Nabo, ilag med dei andre laga i Hødd Handball.

Gunn Kleiven

ÅRSMELDING for Hødd Handball G-04 Sesong 2013/14

Trenarar: Kari Janne Andersen og Bjørn Roppen. Oppmann Jan Petter Myklebust

Navn på spelarar dette året: Ruben Andersen, Karl Petter L Breivik , Joakim Heitmann, August Hestholm, Hans Petter S Kaldhol, Ole Petter H Myklebust, Håkon Ringstad, Edvard D Roppen

Oppsummering: Laget har hatt fast trening 1t/veka. Oppmøte har stort sett vore bra. Treningane består framleis oftast i trening på basisferdigheiter som skudd, sentring, blokk, runding av motstandar samt rein kamp/speling. Varierende konsentrasjon som ventelig ift. alder.

Vi har tidvis hatt eit par jenter frå J12 (? , laget til Leif R) innom som deltakarar/hjelparar på treningane våre, noko som har vore eit svært positivt innslag. Dette har auka konsentrasjon og innsats tydelig. Antakelig er det fleire årsaker til dette, også at det ikkje er tøft å vere barnslig i nærheita av større jenter. I tillegg har det nok vore medvirkande faktor at med litt fleire på bana enn normalt, vert det meir spel ut av det og meir fart. Dei større jentene dreg også opp tempo og får gutane til å prøve hardare og ta treninga meir seriøst.

Denne sesongen var første gong i serie med litt fleire kampar enn tidligare. Dette har gått fint, om enn med litt mykje tap utan at dette har medført anna enn umiddelbar frustrasjon.

Cup/turneringer som laget har delteke på: Laget har ikkje delteke på arrangement utover seriekampar då dette har vore tilstrekkelig mengde for oss. Vi har arrangert ein kampdag sjølv, noko som gjekk strålande takka vere god hjelp frå Naim og engasjerte og pliktoppfyllande foreldre.

Økonomi/innteksbringande tiltak: Ingen

Avslutningsvis: Vi er for få med kun 8 spelarar og dermed ganske sårbare ift skade/fråvær. Vi har redda oss med at alle har stilt opp ved kamp, men det lave antalet får påvirkning på treningskvaliteten. Dette vises tydelig når jentene som nevnt over er tilstade på treningane. Då glir treningane langt lettare enn vanlig og utbyttet er større. Vi har forsøkt å få inn nye spelarar, men har ikkje lykkast i å halde på dei to-tre som har vore innom eit par gongar. Etterkvart som gutane vert eldre, aukar også faren for å miste spelarar til feks. fotball pga auka treningsmengde.

Foreldregruppe/trenarar ønsker som tidligare kommunisert at klubben legg til rette for sammenslåing av lag for neste sesong slik at vi får meir utbytte av treningane. Vi er klar over at dette ikkje er så lett å få til bla. før ny hall vert ferdig. Korleis ein skal løyse dette får ein finne ut av saman med klubben. At Kari har trekt seg som trenar har også betydning i denne sammenheng.

Jan Petter Myklebust/oppmann

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : Hødd G05/06

Trener (e) : Beate Hatløy Amundsen (Kjersti Westrum Fløy)

Lagleder : Berit Eik Kvalsund

Namn på spelarar dette året:

Amundsen	Georg	06.06.2006
Brandsvik	Joacim	17.02.2006
Fløy	Sigve	04.04.2006
Gurskevik	Johannes S.	29.06.2005
Hasund	Herman	03.09.2006
Holtet	Trym Voksøy	11.10.2006
Karastanov	Roman	10.05.2006
Leenders	Boris	12.04.2006
Mork	Balder K.	04.09.2006
Overvåg	Jona	09.01.2006
Roppen	Åsmund D.	12.09.2006
Rosbach	Ludvik	22.07.2006
Skodjevåg	Simon Falk	10.07.2006
Ulstein	Eirik	13.11.2005
Veddegjerde	Brage S.	10.05.2006
Vågeskar	Thomas	27.12.2005

Simon Falk Skodjevåg slutta til jul (desember 2013).

Oppsummering, resultat i serien og cupdeltakelse:

Vi har hatt treningstid 1530 i gymbygget mellom Ulsteinvik Barneskule og Ulstein Ungdomsskule.

Oppstart var 28.08.2013, og siste treninga var 17.04.2014.

Vi er ikkje med i serie, men spelte Minihandballturnering i Herøyhallen 09.02.2014, der vi stilte to lag.

Økonomi/inntektsbringande tiltak : Laget har bidratt med kontingent.

Sosial arrangementer: Vi har ikkje hatt nokon sosiale arrangement denne perioden.

Ulsteinvik 22.05.2014

Berit Eik Kvalsund

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : J16-1, Fylkesserie

Trener (e) : Guri Margrethe Brevik

Lagleder (e) : Jarl Martin Møller

Namn på spelarar dette året: Karete Solvang, Astrid Grimstad, Elise Mjøen Berg, Marte H. Barstad, Thea O. Tafjord, Kamilla Holstad, Eline Fylsvik, Guro K. Vattøy, Maren Ringen Hofseth, Marie Nygjerde

Oppsummering, resultat i serien og cupdeltakelse: Laget var påmeldt i Fylkesserie. Dette innebar lenger reiser og sportslig sett større utfordringar.

Laget havna på 8 plass, av 10 lag, med 6 seiera og 12 tap. Totalt 12 poeng. Dette er ein sportsleg prestasjon som ikkje var heilt i tråd med ambisjonane før seriestart. Laget hadde ein ambisjon om å ende blant 4-5 beste laga. Allikevel må ein seie seg passe nøgd med resultatet, då tatt i betraktning treningsfasiliteter, skader og uforutsette faktora. Laget har prestert god handball og vist at det bur mykje i dei. Lite som skal til for å kome lenger opp. Individuelt har dei fleste hatt ei god utvikling. Dette viser statistikkføringa.

Jentene har hatt tilbod om 3 treningar i uka. Ei i idrettsbygget, ei på aktivsenteret og ei i Hareidhallen. Oppmøte på treningane har vore litt varierende. Aktivsenteret har vore brukt flittig av nokre. Dette er noko skuffande, men sidan dei sjølve betalar for medlemskap kan vi ikkje pålegge dei å møte. Fredagstreningane i Hareidhallen har vore stortsett bra. Det har fungert godt med å ha eit samarbeid med damelaget. Det har gitt jentene gode utfordringar. I tillegg har vi hatt ei hospiteringsgruppe som har vore med damelaget måndagar. Fleira av jentene fikk prøve seg på seniornivå før sesong slutt.

Laget har ikkje deltatt på nokon cup for denne sesongen

Økonomi/inntektsbringande tiltak :

Sosial arrangementer: pizzakveld, oppsummering og kåringar april 2014

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : J-16 2

Trener (e) : Eli Kalvø Vattøy

Lagleder (e) : Beate Hatløy Amundsen og Gunn-Marit Sundnes

Namn på spelarar dette året: Karoline Gundersby, Karoline Møller, Frid Wiik, Emma Warholm, Marie Nygjerde Ulstein, Rikke Hatløy Amundsen, Maren Hofset, Selene Meinseth, Vivian Ulstein (slutta etter halv sesong), Charlotte Hatløy (skada) og Davide Hauge (sjukdom/skade)

Oppsummering, resultat i serien og cupdeltakelse: Vi har delteke i J-16 lokalserien. Vi enda på 6. plass i serien. Vi fekk eit forholdsvis stort fråfall denne sesongen, noko som har medført at vi har lånt fleire spelarar frå J-16 regionsserien. Dette har resultert i mykje belastning på enkelte spelarar. Det har likevel vore ein kjekk og positiv sesong. Vi avsluttar sesongen med deltaking på Partille-cup i Gøteborg.

Økonomi/inntektsbringande tiltak : Ingen

Sosial arrangementer: Vi har hatt fleire spelarmøter, både før sesongen, i sesongen og etter sesongen. Vi avslutta det heile med eit kombinert foreldremøte og sosialkveld med pizza og premiering. Vi har samkøyrte begge 16-års laga, noko som har vore positivt.

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : Hødd J-12

Trener (e) : Leif Ringstad og Lise Ulstein/ Anne Britt Sandanger

Lagleder (e) : Kathrine Ulstein

Namn på spelarar dette året:

Oline Ulstein
Sara Oline Ringstad
Frida Jonberg
Julie Andersen
Sofie Fylsvik
Oda Ulstein
Marthe Tømmerbakk
Sara Flø

Viktoria Moldskred
Emilie Ulstein
Ida Kathrin Aksnes
Thale Veddegjerde
Vanessa Gustavsen
Thea Moldskred
Pernille R Eidem
Matea Tennfjord

Oppsummering, resultat i serien og cupdeltakelse:

Sesongen 2013/14 var ein sportsleg opptur for laget. Laget enda til slutt på ein fin sjette plass av tilsaman elleve lag. Etter 20 kampar stod vi med 9 singlar og 11 tap, og ein målforskjell på 208 -184. Med unntak av kampane mot Langevåg, vart det jamne og tette kampar mot laga ovanfor for oss tabellen.

I tillegg deltok vi på Nordfjord – cup på Stryn, siste helga i april. Her stilte vi to jamne lag, der ein laget vart utslått på målforskjell før kvartfinalen, medan det andre laget vart utslått i kvartfinalen. Nordfjordcup var ei fin sportsleg utfordring og ein fin sosial oppleving for jentene.



Økonomi/inntektsbringande tiltak : Ingen

Sosial arrangementer: Ingen sosiale tiltak, men vi har hatt det kjekt på trening og kamp 😊

ÅRSMELDING FOR IL Hødd handball

Sesong: 2013/2014

Lag : J-10

Trener (e) : Beate Hatlø Amundsen, Rikke Hatlø Amundsen, Marie Nygjerde Ulstein og Karoline Gundersby.

Lagleder (e) : Kathrine Ulstein

Namn på spelarar dette året: Lea Oline Hatlø Amundsen, Neda Aposi, Mali Bjåstad, Kristine Borgundvåg, Emilie Flote, Nikoline Gjerde, Camilla Torine Meinseth, Maren Melø, Ellen Moldskred, Bertine Ringstad, Anne Strandebø Moltu, Marit Ulstein Mæhlum (-03), Rosana Shera, Emma Ulstein, Nora Emilie Worren, Cornelia Røthe (-03), Iben og Tiril Birkeland, Bertine Kjøso, Helena Kvalsvik, Anny Moldvær, Amanda Jonberg (-03) og Signe Aamod Støylen (-03).

Oppsummering, resultat i serien og cupdeltakelse: Vi har delteke i J-10 serie med to lag. Overgangen frå mini-handball til spel på stor bane har vore svært positivt for jentene. Vi har opplevd stor utvikling dette året.

Økonomi/inntektsbringande tiltak : Ingen

Sosial arrangementer: Vi har hatt foreldremøte ved sesongstart og etter sesongslutt. Foreldra har vore involvert i køyring til kampar og også delvis i lagleiing ved enkelte kampar. Vi avslutta siste trening med is og twist, og diplom.

Sak 5 – Rekneskap

Balanse			
Eigedelar		Gjeld og egenkapital	
Kundefordringar	33825	Annan egenkapital	502201
Fergekort	15548	Opparbeidde dugnadsmiddel	5887
Andre kortsiktige fordringar	123955	Anna kortsiktig gjeld	5625
Kasse	4950		
Bankinnskot 4137 30 38499	26509		
Bankinnskot høgrente	334673		
Sum eigedelar	539460	Sum gjeld og egenkapital	513713
Diff eigedelar/gjeld og EK	25747		

Balanse avd. 70 Hødd Handball

Konto	31.12.2014	31.12.2013
-------	------------	------------

Balanse**EIENDELER**

1500	Kundefordringer	33 825,00	0,00
1551	FERGEKORT 10333266	798,00	0,00
1552	FERGEKORT 10333264	829,00	0,00
1553	FERGEKORT 10333386	1 603,00	0,00
1554	FERGEKORT 10333265	1 534,00	0,00
1556	FERGEKORT 10333326	2 122,00	0,00
1557	FERGEKORT 10333202	2 299,00	0,00
1559	FERGEKORT 100038215	1,00	0,00
1560	FERGEKORT 100023258	1 696,00	0,00
1561	FERGEKORT 100022144	633,00	0,00
1562	FERGEKORT 107006801	2,00	0,00
1563	FERGEKORT 100007018	721,00	0,00
1564	FERGEKORT 100236348	3 310,00	0,00
1570	Andre kortsiktige fordringer	123 955,00	0,00
1900	Kasse	4 950,00	0,00
1920	Bankinnskudd 4137.30.38499	26 509,38	0,00
1930	BANKINNSKUDD HØGRENTE	334 673,00	0,00
	Sum eiendeler	539 460,38	0,00

GJELD OG EGENKAPITAL

2050	Annen egenkapital	-502 201,20	0,00
2983	OPPARBEIDDE MIDLAR JENTE 2002	-3 751,00	0,00
2989	OPPARBEIDDE DUGNAD SMIDLAR	-2 136,00	0,00
2990	Annen kortsiktig gjeld	-5 625,00	0,00
	Sum gjeld og egenkapital	-513 713,20	0,00

Diff. eiendeler/gjeld og EK

	25 747,18	0,00
--	------------------	-------------

Resultat avd. 70 Hødd Handball

Konto	Regnskap i år	Regnskap i fjor
DRIFTSINNEKTER		
3000 EGENANDEL SPELARAR	194 731,00	0,00
3100 TRENINGSAVGIFT	107 000,00	0,00
3200 KIOSKSALG	45 087,50	0,00
Salgsinntekter varer/tjenester	346 818,50	0,00
3300 DUGNADER	9 400,00	0,00
Offentlig avg. vedr. produksjon	9 400,00	0,00
3400 KULTURMIDLAR	10 680,00	0,00
3401 TILSKOT IL HØDD	78 729,00	0,00
3402 LAM MIDLAR	45 226,00	0,00
Offentlig tilskudd	134 635,00	0,00
3600 BILLETTINNEKTER	34 219,50	0,00
Leieinntekter	34 219,50	0,00
3900 ANDRE TILSKOT	420,00	0,00
3920 SPONSORINNEKTER	52 500,00	0,00
3925 GÅVEMIDLAR	41 600,00	0,00
Kapitalinntekter	94 520,00	0,00
Sum driftsinntekter	619 593,00	0,00
DRIFTSKOSTNADER		
4000 INNKJØP KIOSKVARER	11 127,00	0,00
4010 CUP OG TURNERINGAR	222 132,86	0,00
4030 SERIEKAMPAR	37 403,00	0,00
4060 HANDBALLFORUM OG REGIONSTING	5 754,75	0,00
4130 DOMMARUTGIFTER	43 525,00	0,00
4230 SPELARMØTE, SOSIALE SAMLINGAR	5 243,00	0,00
4410 TRENING OG KAMPUTSTYR	65 561,51	0,00
4420 MEDISINSK UTSTYR	2 159,00	0,00
4440 Trykking av utstyr	13 360,00	0,00
Forbruk av innkjøpte råvarer etc.	406 266,12	0,00
5000 TRENARKOMPENSASJON	6 000,00	0,00
Lønninger, ferielønn og honorarer	6 000,00	0,00
5950 KURSKOSTNADAR	3 796,70	0,00
Andre personalkostnader	3 796,70	0,00
6300 HALLEIGE	20 720,00	0,00
6500 UTSTYR	6 240,00	0,00
6553 PROGRAMVARE - ÅRLEG VEDLIKEHALD	3 813,00	0,00
6560 REKVISITA	9 000,00	0,00
6700 REVISJONSHONORAR	5 625,00	0,00
6705 REGNSKAPSHONORAR	45 023,00	0,00
6900 Telefon	2 000,00	0,00

Resultat avd. 70 Hødd Handball

Konto	Regnskap i år	Regnskap i fjor
7000 Drivstoff transportmidler	2 000,00	0,00
7320 REKLAME OG ANNONSER	1 422,00	0,00
7400 PÅMELDING SERIE	48 027,00	0,00
7405 OVERGANGAR OG UTLÅN	3 020,00	0,00
7410 OMBERAMMING, BØTER MV	15 700,00	0,00
7420 GÅVER OG PREMIER	6 845,00	0,00
7600 LISENSAVGIFT	7 015,00	0,00
7700 UTSTYR TRENARAR OG LEIARAR	1 761,00	0,00
7710 TALENTSAMLING	2 983,00	0,00
7770 BANK OG KORTGEBYR	2 995,00	0,00
7790 ANDRE KOSTNADAR	1 005,00	0,00
Andre innkjøps-,tilvirkn. kostn. etc	185 194,00	0,00
Sum driftskostnader	601 256,82	0,00
Driftsresultat	18 336,18	0,00
8040 Renteinntekt	7 411,00	0,00
Finansinntekter	7 411,00	0,00
Avdelingsresultat	25 747,18	0,00

Til Årsmøtet i
IL Hødd Handball

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for foreningen IL Hødd Handball som viser et overskudd på kr. 25.747,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2014 og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler om god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for foreningens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foreningens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til foreningen IL Hødd Handball per 31. desember 2014 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler om god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til attestasjonsstandard ISAE 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Ulsteinvik, 26. januar 2015

BDO AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Eldar Zafil'.

Eldar Zafil
Registrert revisor

Sak 6 - Handsame forslag og saker

Ingen saker er meldt inn

Sak 7 - Fastsetje treningsavgift for Hødd handball

Styret føreslår at satsane for treningsavgift vert auka med kroner 200 som vist nedanfor. Satsane vart sist justert i 2013.

Satsar 2014		
Treningsavgift (til og med)		Avgift
Senior		1100
16 år		800
14 år		600
12 år		500
Forslag ny sats 2015		
Senior		1300
16 år		1000
14 år		800
12 år		700

Sak 8 – Budsjett 2015

Resultatbudsjett avd. 70 Hødd Handball


Konto	Regnskap i fjor	Regnskap i år	Budsjett i år	Årvik i kr	Indeks
DRIFTSINNTEKTER					
3000 EGENANDEL SPELARAR	194 731	0	200 000	-200 000	0,0
3100 TRENINGSAVGIFT	107 000	0	122 700	-122 700	0,0
3200 KIOSKSALG	45 088	0	60 000	-60 000	0,0
Salgsinntekter varer/tjenester	346 819	0	382 700	-382 700	0,0
3300 DUGNADER	9 400	0	120 000	-120 000	0,0
Offentlig a vg. vedr. produksjon	9 400	0	120 000	-120 000	0,0
3400 KULTURMIDLAR	10 680	0	10 000	-10 000	0,0
3401 TILSKOT IL HØDD	78 729	0	30 000	-30 000	0,0
3402 LAM MIDLAR	45 226	0	55 000	-55 000	0,0
Offentlig tilskudd	134 635	0	95 000	-95 000	0,0
3600 BILLETTINNTEKTER	34 220	0	25 000	-25 000	0,0
3610 PÅMELDINGSAVGIFT EIGNE CUPAR	0	0	8 000	-8 000	0,0
Leieinntekter	34 220	0	33 000	-33 000	0,0
3900 ANDRE TILSKOT	420	0	0	0	-
3920 SPONSORINNTEKTER	52 500	0	140 000	-140 000	0,0
3925 GÅVEMIDLAR	41 600	0	40 000	-40 000	0,0
Kapitalinntekter	94 520	0	180 000	-180 000	0,0
Sum driftsinntekter	619 593	0	810 700	-810 700	0,0
DRIFTSKOSTNADER					
4000 INNKJØP KIOSKVARER	11 127	0	30 000	-30 000	0,0
4010 CUP OG TURNERINGAR	222 133	0	230 000	-230 000	0,0
4020 DUGNAD - UTBETALING	0	0	20 000	-20 000	0,0
4030 SERIEKAMPAR	37 403	0	35 000	-35 000	0,0
4060 HANDBALLFORUM OG REGIONSTING	5 755	0	10 000	-10 000	0,0
4130 DOMMARUTGIFTER	43 525	0	40 000	-40 000	0,0
4230 SPELARMØTE, SOSIALE SAMLINGAR	5 243	0	10 000	-10 000	0,0
4410 TRENING OG KAMPUTSTYR	65 562	0	60 000	-60 000	0,0
4420 MEDISINSK UTSTYR	2 159	0	4 000	-4 000	0,0
4440 TRYKKING AV UTSTYR	13 360	0	25 000	-25 000	0,0
Forbruk av innkjøpte råvarer etc.	406 266	0	464 000	-464 000	0,0
5000 TRENARKOMPENSASJON	6 000	0	12 000	-12 000	0,0
Lønninger, ferielønn og honorarer	6 000	0	12 000	-12 000	0,0
5950 KURSKOSTNADAR	3 797	0	15 000	-15 000	0,0
Andre personalkostnader	3 797	0	15 000	-15 000	0,0
6300 HALLEIGE	20 720	0	100 000	-100 000	0,0
6500 UTSTYR	6 240	0	10 000	-10 000	0,0
6553 PROGRAMVARE - ÅRLEG VEDLIKEHALD	3 813	0	2 000	-2 000	0,0
6560 REKVISITA	9 000	0	2 000	-2 000	0,0
6700 REVISJONSHONORAR	5 625	0	15 000	-15 000	0,0

Resultatbudsjett avd. 70 Hødd Handball


Konto	Regnskap i fjor	Regnskap i år	Budsjett i år	Avvik i kr	Indeks
6705 REGNSKAPSHONORAR	45 023	0	30 000	-30 000	0,0
6900 Telefon	2 000	0	0	0	-
7000 Drivstoff transportmidler	2 000	0	0	0	-
7320 REKLAME OG ANNONSER	1 422	0	5 000	-5 000	0,0
7400 PÅMELDING SERIE	48 027	0	60 000	-60 000	0,0
7405 OVERGANGAR OG UTLÅN	3 020	0	1 000	-1 000	0,0
7410 OMBERAMMING, BØTER MV	15 700	0	3 000	-3 000	0,0
7420 GÅVER OG PREMIER	6 845	0	15 000	-15 000	0,0
7600 LISENSAVGIFT	7 015	0	5 000	-5 000	0,0
7700 UTSTYR TRENARAR OG LEIARAR	1 761	0	10 000	-10 000	0,0
7710 TALENTSAMLING	2 983	0	10 000	-10 000	0,0
7770 BANK OG KORTGEBYR	2 995	0	2 500	-2 500	0,0
7790 ANDRE KOSTNADAR	1 005	0	10 000	-10 000	0,0
Andre innkjøps-,tilvirkn. kostn. etc	185 194	0	280 500	-280 500	0,0
Sum driftskostnader	601 257	0	771 500	-771 500	0,0
Driftsresultat	18 336	0	39 200	-39 200	0,0
8040 Renteinntekt	7 411	0	0	0	-
Finansinntekter	7 411	0	0	0	-
Avdelingsresultat	25 747	0	39 200	-39 200	0,0

Sak 9- Organisasjonsplan

Organisasjonskart 2015



Styremedlem 2015



Styremedlem og medlem i utval 2015

Jarl Martin Møller

Leder

Lise A Ulstein

Nestleiar
Marked

X – posisjoner som ikkje er besatt

Lise A Ulstein
Ragnar Tafjord
x
x

Markedsutval
Nestleiar, sponsor
Medlem, dugnad
Medlem, dugnad
Styremedlem økonomi

Linda Hårberg

Frode Hofseth

Torill Gjerde

Siv Mette Møller

Marius Rossbach

Styremedlem
Sport

Styremedlem
Matrial

Styremedlem
Økonomi

Styremedlem
Arrangement

Styremedlem
Media

Linda Hårberg
x
Kjersti W Flø
x
Guri Brevik

Sportsleg utval
Sportsleg leiar
Sport senior
Sport barn og ungdom
Sport mini
Dommerkontakt

Matrialutval
Styremedlem
Medlem matrial

Frode Hofseth
x

Arrangementsutval
Styremedlem cup
Medlem arr. 1
Medlem arr.2
Medlem arr.3

Siv Mette Møller
Gunn Kleiven
Jeanette Brandal
Berit Cecilie Skeide

Sak 10 – Valg

Styret 2014:

Verv	Namn	På val	Gjenvalg
Leiar	Jarl Martin Møller	Ja	Ja
Nestleiar	Frode Hofseth	Nei	Ja
Kasserer	Inger-Ann Fylsvik	Ja	Nei
Styremedlem	Kjersti W Flø	Ja	Nei
Styremedlem	Eli K Vattøy	Ja	Nei
Styremedlem	Naim Shera	Ja	Nei
Styremedlem	Ragnar Tafjord	Nei	Nei

10 a, b og c:

Valnemnda sitt forslag til nytt styre for 2015:

Verv	Namn	Funksjon	Periode
Leiar	Jarl Martin Møller		1 år
Nestleiar	Lise A Ulstein	Leiar markedsutval	2 år
Kasserer	Torill Gjerde	Medlem markedsutval	2 år
Styremedlem	Linda Hårberg	Leiar sportsleg utval	2 år
Styremedlem	Frode Hofseth	Material	1år
Styremedlem	Siv Mette Møller	Leiar arrangementsutval	2 år
Styremedlem	Marius Rossbach	Mediaansvarleg	2 år

10 d:

Andre representantar i tråd med organisasjonsplan:

Det er opp til dei einskilde utval å få besatt dei ulike posisjone som er ledige jfr. Organisasjonsplan.

10 e:

Representasjon.

Leiar, eller den leiar delgerer det til, representerer Hødd handball på ting og møter som vedkjem handballen

10 f:

Valnemnd.

Styret si innstilling til ny valnemnd er Marianne Ødegård og Kjersti W Flø. Begge desse er valgt for 1 år.